



# Kvinnherad kulturskule

## Læreplan for

### Teaterleik og Teater og Scenekunst

#### 1. Om Kvinnherad kulturskole

Kvinnherad kulturskule er eit offentleg eigmeldt og drive tilbod til barn og unge i Kvinnherad kommune. Målgruppe er born i barnehage, elevar i grunnskule og vidaregåande skule, born og vaksne med spesielle behov og det lokale musikklivet i kommunen. Føremålet med opplæringa er å læra, oppleva, skapa og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskulen har også til oppgåve å kvalifisera elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal bidra til barn og unge si meistring og danning, fremme respekt for andre kulturar, bevisstgjera eigen identitet, verta kritisk reflekterande og utvikla eigen livskompetanse. Kvinnherad kulturskule er forankra i opplæringslova § 13-6 som vart vedteke i Stortinget 5. juni 1997: «Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skuleverket og kulturlivet elles».

Kvinnherad kulturskule er eit ressurs- og kompetansesenter for kultur- og kunstfag i Kvinnherad kommune.

Kulturskulen tilbyr opplæring, oppleveling og formidling innan fagområda kunst, dans, musikk og teater. Tilbod og omfanget av undervisninga fastsettes av den økonomiske ramma til kulturskulen som kommunen løyver. Både drift og undervising i Kvinnherad kulturskule tek utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen «Mangfold og fordjuping» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) som ble vedtatt av kommunestyret 15.12.16.

## **Kontaktinformasjon:**

Kontaktpersonar: Kirill Zimin (rektor/einingsleier)  
E-post: kirill.zimin@kvinnherad.kommune.no  
Telefon: 53 48 34 31  
Post- og besøksadresse: Sentrumsvegen 35, 5460 – HUSNES  
Heimeside: [www.kulturskulen.kvinnherad.no](http://www.kulturskulen.kvinnherad.no)

## **2. Om den lokale læreplanen**

Lokal læreplan er eit dokument som definerer gapet mellom Rammeplan for kulturskulen «Mangfald og fordjuping» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) og lokal praksis i Kvinnherad kulturskule. Læreplanen gjev rammer for innhaldet i opplæringa i det enkelte faget, skildrar føremålet med faget, samt sikrar eit langsigtt innretta tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet i kulturskulen. Læreplanen inneheld m.a. krav til den kompetansen eleven skal tileigna seg i faget. Kompetanse målene uttrykkjer kva eleven skal kunna på ulike nivå og 3 ulike program: breiddeprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram. Læreplanen viser òg ei lokal verdiplattform og vert felt overordna satsingsområde for Kvinnherad kulturskule. Målgruppe er lærarar, politisk og administrativ leiing i kommunen, og dessutan elevar og foreldre som kan bruka den lokale læreplanen for å sjå kva dei kan forventa at eigne barn skal læra på kulturskulen og kva for kompetanse dei får i opplæringa.

## **3. Instrument/utstyr**

Heilt frå antikkens dager har me mennesker gått for å sjå på teateroppsetningar. Skådespel der ein eller fleire skådespelarar framfører ein tekst, dukketeater eller pantomime teater. Teater kan spelas utendørs og innendørs, på små og store scener med ord, musikk og røysle. I dag ser me mykje på serier og filmer på ulike tv kanaler og internett, det er og ein form for teater.

## **4. Målgruppe/ alder/ inndeling**

I Kvinnherad kulturskule kan ein byrje på Teaterleik når ein er 7 år gammal. Elevane deles inn i grupper, dei yngste på Teaterleik, den litt større borna og ungdommar på Teater og Scenekunst.

## **5. Organisering av undervisninga**

**Teaterelevane er delt inn i grupper inntil 12 born / ungdommar i kvar gruppe.**

**Undervisninga er lagt til Kulturskulesenteret på Husnes**

**60 min / veke for Teaterleik og**

**75 min / veke for Teater og Scenekunst**

## **6. Eigenøving**

Elevane vil bli oppfodra til å lesa og øva på sine roller i manus / replikker heima og øve på å kunne framføre det utenat. Det er viktig at foreldra/ foresette involverer seg i faget og gjerne leser / øver saman med bornet / ungdommen heima.

## **7. Konserter/opptredener**

Teaterframsyningar og opptredener er ein viktig del av utviklinga som elev i kulturskulen.

Teaterlæraren legger i samarbeid med Kvinnherad kultursskule til rette og arrangerar små og større framsyningar nokre gonger i året.

## **8. Evaluering/tilbakemelding**

Evaluering av elevanes læring gjøres kontinuerleg i gruppen men og i samtale med foresette og eleven.

I forkant av ei framsyning vil teaterlæraren kunne trenge hjelp frå foresette til enkelte gjøremål.

## **9. Mål for undervisninga på kjerneprogram, organisering**

### **Begynnernivå**

Dei minste borna leikar « teater og dramaleikar», improviserer og fantaserar over ting, ord, små eventyr og forteljingar.

Borna kler seg ut og prøvar teatersminke. Elevane får undervisning i røyrsle og noko nysirkus og dukketeater.

På teaterleik arbeider me med små teaterstykken, eventyr med og uten musikk.

Det blir små framsyningar for familien / inviterte vener eit par gonger per år.

## **Mellomnivå og vidarekomment nivå**

Dei litt eldre borna og ungdommane får lage eigne teaterstykke og arbeide med mindre ferdigskrevne stykker.

Elevane lærer om enkel scenografi (kulissar), kostyme og sminke.

Dei får utforske ulike roller og arbeide med ulik stemmebruk og pusteteknikk.

Røyrsle, samarbeid og konsentrasjon er viktig.

Elevane får erfare og lære om å laga og være med i ei heil teaterframstilling.

Det vil være fleire framføringer per år og målgruppen kan være barnehageborn / yngre skuleborn, familie 0g / eller ei open framføring.

Oppmuntring fra foreldre er et fortsatt viktig element på dette nivået.

## **10. Fordumpingstilboden**

Kvinnherad kulturskule samarbeidar regionalt om fordumpingstilbod med Stord kulturskule som avgjer fagtilboden, dets organisering og utforminga på grunnlag av Nasjonal rammeplan for kulturskulen.

## **11. Forventningar / krav til elevar**

Det er forventa at elevane øver jamnleg og grundig mellom undervisningstimane for å kunne utvikle seg som teaterlever og skådespelarar. Foreldres oppmuntring og støtting av innsats tyder mykje for at elevane skal kunne oppretthalde øving og utvikle seg over tid. Ved å øve og stille godt førebudd til timane, kan elevane få mest mogeleg ut av undervisningstida i kulturskulen og forhåpentleg utvikle motivasjon for teater og scenekunst som dei kan ha med seg heile livet.